

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.02.2025

Vår ref.: 202311372-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om bygging av Nedre Sønnanåelva Vasskraftverk i Vindafjord kommune i Rogaland

NVE har motteke ein søknad frå Torstein Halsos Stuhaug, datert 18.7.2023, om løyve til å byggje Nedre Sønnanåelva Vasskraftverk i Vindafjord kommune. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/9137/V og den blir kunngjort av NVE i avisa Grannar. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Torstein Halsos Stuhaug på tlf. 47 66 10 58 eller e-post: torsteins96@gmail.com.

Kva søknaden gjeld

Kraftverket er planlagd bygd i Sønnanåelva. Inntaket er planlagd på kote 152, nedstraums vassinntak til Ølen vassverk. Derifrå vil vatnet gå i eit om lag 530 m langt nedgrave røyr med Ø700 mm. Kraftstasjonen er planlagd på kote 35 og vil vere eit bygg på ca. 96 m². Det er ikkje planlagt å sleppe minstevassføring forbi inntaket. Årleg middelproduksjon vil vere ca. 1,9 GWh. Det er planlagd ein permanent anleggsvei på ca. 500 m frå kraftstasjonen til inntaket. NVE behandlar her vassuttaket, inntaket med røyrleidning, kraftstasjon og anleggsvei.

Vanlegvis er kommunen konsesjonsmyndigheit for vasskraftverk under 1 MW. Ovanfor det planlagde kraftverket er det gitt konsesjon til vassuttak og regulering av Mosetervatn og Stemmevatn. Vi vurderer at dette kjem innunder unntaket i § 1 bokstav g i *Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker*, som handler om sumvirkninger. NVE vil difor behandle denne konsesjonssøknaden.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på www.nve.no/9137/V
- via e-post til nve@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale 202311372» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **1.4.2025**



Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette.

Kva ønskjer vi innspel om?

Vi ønskjer grunngejevne synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

Informasjon om saksbehandlinga

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er eit viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I den samla vurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve skal gjevast og i kva utstrekning. Eit vedtak blir alltid grunngeve.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.

NVE sitt vedtak kan klagast på til Energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Thomas Haugland
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

**Mottakarliste:**

Sven-Kato Ege

ROGALAND FYLKESKOMMUNE

ROGALAND FYLKESKOMMUNE - Anneli Vatshaug Jenssen

STATSFORVALTEREN I ROGALAND

VINDAFJORD KOMMUNE

Norges Miljøvernforbund

Naturvernforbundet i Rogaland

Mattilsynet

Forum for natur og friluftsliv Rogaland

NORGES JEGER OG FISKERFORBUND ROGALAND

Kopimottakarliste:

TORSTEIN HALSOS STUHAUG